




Strålende Norway Cup-innsats!

J14 leverte ein strålende kamp i TV-kampen mot Holmlia i Norway Cup torsdag føremiddag. Etter kjempegod innsats frå heile laget, vart det til slutt ein fortent 3-2 siger. Holmlia var ein god motstandar med eit solid forsvar og ein svært farleg spiss. Vi gratulerer jentene og trenarduoen med den fantastiske innsatsen.



Sigeren er sikra

I dei grøne nye draktene frå Spar sprudla jentene frå start. Likevel var det Holmlia som tok leiinga etter 7 minutt ved toppscoraren deira i NC, den farlege spissen Ingrid Tingstad. Ho er frå Dalsbygda og spelar til vanleg ikkje på Holmlia, men var innlånt til NC. Det viser at klubben satsar på turneringa.

Minuttet etter kvitterte R/U ved den løpsterke og hurtige venstrekanten Hanna Tvilde. Kommentatoren kom stadig vekk tilbake til hurtigheten til Hanna og nemnde ho både som lovande skiløpar og terrengløpar. Han let seg også imponera den hurtige høgrekanten Thea S. Taranger og fleire av dei andre spelarane. R/U hadde eit spelemessig overtak i 1.omgang. Dei hadde også dei største sjansane m.a. fleire gode langskot.

Også i 2.omgang var det Holmlia som scora først etter 26. minutt, nok ein gong ved same Ingrid Tingstad, men Tor Gundersen haddet sett innpå Ina Tveito Sandvik, og før kampen hadde han omtala henne som ein joker som skulle inn og avgjera. Han fekk rett! Etter 32 minutt utlikna ho etter at keeper gav ein retur etter godt langskot frå Thea Taranger. Nokre minutt seinare sette Ina Tveito Sandvik inn sitt andre mål, og dermed var det 3-2 til R/U noko som også vart sluttresultatet. Dermed er jentene vidare. Det er svært sterkt, for det er ikkje tvil om at motstanden jamnt over ver klart sterkast når ein spelar 11`ar. Vi gratulerer alle jentene med den imponerande innsatsen dei gjorde. Gratulerer også trenarane med coaching i verdsklasse!

Desse Uskedalsjentene var med: Amalie Hovden Rød, Hanna Tvilde, Camilla Myklebust Ripel, Silje Soldal, Thea Soltveit Taranger, Ida Marie Eidsvik og i tillegg er Tor Gundersen trenar.

Elles fekk bygda vår ein fin presentasjon gjennom TV-sendinga. Kommentatoren var godt førebudd både når det galt spelarar, lag og kor dei kom frå. Det vart til og med nemnt at eit av Norges største talent på gutesida Harald Nilsen Tangen har tilknytning til bygda.



Hanna på eit av mange raid på venstrekanten

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Tor Gundersen og Thor Inge Døssland